



REFERAT STYREMØTE 9.11.2012

Dato/tid/stad	Til drøfting/evt. vedtak	Oppfølging/ansvar
9. november 2012, kl. 18, Hol bibl.	PER 8 – språkvaska manus	Eva - drøfta med Olav Randen i Boksmia 19.10.12. Boksmia tar oppdraget. Tek sikte på utgjeving hausten 2013, som er språkåret
	Illustrasjonar til PER som biletbok for barn. Val av illustratør. Tre kandidatar vurderte manus, to vart med vidare, ein vart vald ut som illustratør. Kriterier lagt fram i møtet.	Styret - møter den utvalde til utdjupande samtale. Møteinnkalling sendt på sms.
	Aktivitetar i OS 2012-2013 – oppfølging av idé: <ul style="list-style-type: none"> - Rettsutviklinga for lausungar i Norge eller vaksne si stigmatisering av ungar og oppvekst under uodda kår. - Professor Jørn Øyrehagen Sunde foredrag. - Olav Sletto-selskapet arrangerer saman med Hol Historielag og Kunstnartunet Leveld. - Hol Sparebank dekker utgiftene 	Eva – møtet blir to. 21. februar 2013 kl. 19 på Vika i Hol. Møterom bestilt. Eva – marknadsføre møtet, artikkel til media, invitasjon til kommunen, Hol Sparebank, mållag mv. Styret bidreg. Kunstnartunet i Leveld blir med. Praktisk opplegg for møtet utpenslast av dei tre arrangørane i samarbeid. OS-selskapet møteleiar
	Arbeidsplan for Olav Sletto selskapet – utkast frå Britt-Mari Sletto drøfta og godkjent.	Styret - arbeidsplanen vil vera retningsgivande. Prøve å få forskarar interessert i Olav Sletto
	Anna: -B-MS habilitet (ill. Per-manus) Saka drøfta. Eitt spørsmål er det viktige i alt arbeid styret gjer: «Kva er best for selskapet»? Det som er best for selskapet skal styre verksemda. Konklusjon: Alle er habile. -Arbeidsdeling styreleiar-økonomiansv. Jf. vedtektsendringar (§5) o.a. som følge av B-MS sin nye rolle i O-selskapet. Saka drøfta. Konklusjon: Styret/styreleiar har det overordna ansvaret for all aktivitet i Olav Sletto-selskapet. Økonomiansvaret ligg også til styret, men er i det daglege delegert til B-M S. - OS stempel Konklusjon: Stempel på plass, men vil truleg ikkje bli utslitt med det fyrste. - Eiga e-post adresse til OS-selskapet Eigen Google+ konto prøvd ut. Konklusjon: Vi brukar vanleg e-post -Giro for enklare rekruttering av nye medl. Hol Sparebank laga giro som er lagt ut på nettsida	
	Eventuelt – 2 saker til Årsmøtet 2013: Kontingent og æresmedlemskap	
	Referat: Eva Almhjell, 13.11.12	

